

Vedtekter for Brandal grendehus

(Vedtekne på krinsmøte 19/12-1957. Omarbeidde og endra på årsmøte 27. februar 2011 og omframnt årsmøte 6. juni 2011. Endra på årsmøte 21. mars 2012 og årsmøte 27. juni 2016. Sist endra på årsmøte 13. juni 2017)

§1 Namn og eigarskap

Namnet er Brandal grendehus. Eigar av eigedommen er Brandal krins ved styret for Brandal grendehus. Jamfør skøyte av 22. januar 1970. Eigedommen omfattar gnr. 40, bnr. 50, 52, 107, 108, 143, 168 og 169.

§2 Føremål

Hovudføremålet med huset er å vere forsamlingshus for folket i Brandal. Huset skal stå ope for alle lovlege føremål. Ingen må stengjast ute på grunn av religiøse, sosiale eller politiske syn. Kvart lag/organisasjon får bruke huset etter den tarv som laget/organisasjonen sin arbeidsmåte krev.

Lag/organisasjonar som har bruk for faste møte eller øvingar gjennom året, sender søknad om dette til styret, slik at det kan verte arbeidd ut ein møteplan. Andre utanfor krinsen kan etter løyve av styret få leige huset.

§3 Årsmøte

Årsmøtet er det høgste organet i grendehuset og skal haldast kvart år innan utgangen av mars månad.

Styret kallar inn til årsmøte minst to veker i førevegen. Dette skal anten gjerast direkte, ved oppslag, eller ved kunngjering i pressa. Framlegg til årsmøtet, må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet. Fullstendig sakliste må vere tilgjengeleg seinast tre dagar før årsmøtet.

Alle myndige i Brandal kan møte på årsmøtet og har røysterett.

Årsmøtet er vedtaksført dersom det møter like mange personar som talet på medlemmer i styret. Dersom årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det kallast inn til nytt årsmøte utan krav om minimumsdeltaking. Ingen har meir enn ei røyst, og røystring kan ikkje gjerast ved fullmakt.

På årsmøtet kan det berre handsamast framlegg om vedtektsendring som er ført opp på saklista seinast tre dagar før årsmøtet. Andre saker kan handsamast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slikt vedtak kan berre fattast i samband med vedtak om godkjenning av sakliste.

§4 Oppgåvene til årsmøte

Årsmøtet skal:

1. Velje ordstyrar.
2. Velje referent.
3. Velje to underskrivarar av referatet.
4. Godkjenne innkallinga.
5. Godkjenne saklista.
6. Handsame sakene på den godkjende saklista, der følgjande saker er obligatoriske:
 - a) Årsmelding.
 - b) Rekneskap avslutta pr. 31. desember.
 - c) Val:
 - Leiar for eitt år om gongen.
 - Fire styremedlemmer for to år om gongen, men berre to av dei er på val kvart einskild år. To varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje for eitt år om gongen

- Valnemnd med to medlemmer for to år om gongen. Av desse to går eitt medlem ut kvart år, fyrste gongen etter loddtrekning. Den som er medlem i sitt siste år, er leiar i nemnda.
- To revisorar for eitt år om gongen.

§5 Omframnt årsmøte

Omframnt årsmøte kan kallast inn av styret, eller når minst 1/3 av dei myndige i Brandal krins gjer krav om det. Omframnt årsmøte kan berre handsame saker som er sette opp på saklista før dette møtet.

§6 Styret

Styret vel seg i mellom nestleiar, kasserar og skrivar. Styret skal halde møte når leiaren avgjer det eller eit fleirtal av styremedlemmene krev det. Styret er vedtaksført når minst tre medlemmer er til stades. Styret skal stå føre den daglege drifta av huset og syte for å halde kontroll på økonomien, godt vedlikehald og reinhald. Det skal førast styreprotokoll som skal underskrivast av minst to møtedeltakarar.

§7 Utleige

Styret kan fastsetje at dei som nyttar huset til faste møte og øvingar, skal svare ei årleg husleige. Andre som har ulike tilstellingar, betaler leige etter satsar fastsett av styret.

§8 Vedtektsendring

Desse vedtektene kan endrast av årsmøtet eller omframnt årsmøte med 2/3 fleirtal.

§9 Oppløysing/sal av Brandal grendehus

Oppløysing/sal av Brandal grendehus må først handsamast på ordinært årsmøte. Vert oppløysing vedteke med minst 3/4 fleirtal, skal det kallast inn til omframnt årsmøte tre månader seinare. For at oppløysing skal kunne gjennomførast, må vedtaket også fattast med 3/4 fleirtal på det omframe årsmøtet. Midlane til Brandal grendehus skal ved oppløysing/sal gå til føremål til bate for innbyggjarane i Brandal krins.